



# STRYN KOMMUNE

Teknisk etat

Postboks 168 - 6781 STRYN

Statens Vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Vår ref.  
03/1415-6/L81 //TRG

Dykkar ref.

Dato:  
01.03.2004

## Framføring av ny veg til bustadfelt Utvik 2004

Viser til vårt brev av 01.12.2003 og til synfaring på staden saman med Sigmund Hagen - Statens Vegvesen og Lars Birger Holmøyvik - Stryn kommune den 25.02.2004.

Første del av den regulerte fylkesvegen til Tistam, d.v.s. fram til avkøyrsla til bustadfeltet (om lag 60m) må byggast i samband med dette arbeidet. Stryn kommune har tidlegare kjøpt naudsynt areal til dette formålet.

Det er berre denne delen av fylkesvegen som kan byggast no i denne omgang, spesielt fordi det ikkje er gjort avtale om arealkjøp lenger vestover. Det kan også verte aktuelt med mindre endringar av linjeføringa vidare vestover mot tilkobling til den eksisterande fylkesvegen mot Tistam, inkl. utviding av brua.

På synfaringa vart det opplyst at krav til vegbreidde var 5,5m inkl. skulder, med 4,5m asfaltert breidde på fylkesvegen. Dette er teke omsyn til på vedlagde planar. Det 2,0m breie fortauet vil verte bygd i samsvar med reguleringsplanen, avgrensa med kantstein av granitt (type som ved opparbeidd busslomme på andre sida av riksvegen). Det vil også verte monterte veglys av samme type som på den andre sida av riksvegen (sjå bilete). Eksisterande skilt vert flytta på tilvist stad. Vidare skal utbyggjar koste / bygge ny avkøyrsla inkl. flytting av beplanting og port til 157/18 og 41 i samband med dette arbeidet. Avkøyrsla frå eksisterande vegkryss vil verte utforma om lag slik det framgår på vedlagde reg.plan i M=1:1000, med radius R=4,0m på kryssavgrensing mot eksisterande fylkesveg.

Det skal vidare leggjast nye avløpsrør frå bustadfeltet til utsleppskum ved sjøen, med vidareføring til djupvassutslepp på cote -20m. Søknad om dette er under handsaming. Under planarbeidet er vi gjort merksam på at det til tider er store overvassmengder som kjem på overflata nedover bakkane. Dette er tenkt samla til innløpskum under mur aust for huset til Kjell Fløtre 157/59 med vidareføring i Ø300 overvassrør. Overvatn frå tomter og sandfangkummer vil også verte kobla mot denne ledninga. Frå fylkesvegen til utslepp ved sjøen vert det lagt overvassledning med diameter Ø400. Søknad om løyve til kryssing av fylkesvegen med desse to ledningane vert lagt ved.

Besøksadresse  
Perhusvegen 24  
6781STRYN

Telefon 57 87 48 20  
Telefaks: 57 87 48 29

Banksamband  
Kredittkassen 6557 05 02802  
Sparebanken SFJ Stryn 3795 07 00239  
Sparebanken SFJ Innvik 3770 07 00314

Org.nr: 963 989 202

e-postadresse: Postmottak.tek@Stryn.kommune.no  
Heimeside: <http://www.stryn.kommune.no>

Stryn kommune har løyvt kr. 1.630.000,- til denne utbygginga i budsjett for 2004. Opparbeidinga av den framtidige fylkesvegen er kostnadsrekna til kr. 400.000,- eks. grunnkjøp inkl. mur og stabbesteinar med kjetting mellom langs nordre fylkesvegkant, kantstein, veglys og overvasskummar.

På bakgrunn av det ovanfornemnde og vedlagte planteikningar, vil vi be om godkjenning av planene, med snarleg tilbakemelding då anbudsprosessen også vil ta tid. Vil på samme tid oppmode Statens Vegvesen / Stryn kommune om å gjennomføre drøftingar om bl.a. forskotteringsavtale for ovanfornemnde prosjekt, vidareføring av den nye fylkesvegen, opparbeiding av busslomme m.m.

Med helsing

Jan Træen  
teknisk sjef  
57 87 48 21

Tor Guddal  
avd.ing.  
57 87 48 33

Kopi til: Lars Birger Holmøyvik, plankonsulent, her

Vedlegg: Reguleringsplan i M=1:1000 over Utvik av 4.juni 1996  
Lengdeprofil ny veg Ml=1:500, Mh=1:100  
Tverrprofil ny veg i M=1:100  
2 stk. bileter  
Brev til Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Kulturavd. av 25.02.2004  
Søknad om legging av ledning i veg



Statens vegvesen

Stryn kommune  
Perhusvegen 24  
6781 STRYN

STRYN KOMMUNE	
Saksdoknr.	04/919-2
Ark.kode	L 81
13 MAI 2004	
Objektkode	
Gradering	
Saksbeh.	JVG
Kopi til	L 2 H

Behandlende eining:  
Region vest  
Fjordane distrikt

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Vigdis Lobenz - 57 72 40 54

Vår referanse:  
2003/80357-003

Dykkar referanse:

Vår dato:  
10.05.2004

## Framføring av ny veg til bustadfelt Utvik 2004

Vi har fått brev og vore på synfaring på staden. Vi seier oss lei for at vi ikkje har gjeve eitt klart svar tilbake tidlegare. 4. mai var vi ;Stryn kommune v. Tor Guddal og Lars Birger Holmøyvik, Statens vegvesen v. Kari Solemsli og Vigdis Lobenz, på synfaring. I etterkant av den har vi halde eitt internt møte og drøfta problemstillingane.

Det er utarbeidd reguleringsplan for området og den syner ei omlegging av fylkesveg 725 i ei lengde på ca. 130 meter gjennom sentrum. Planen viser og ei omlegging av krysset med riksveg 60. De ønskjer no å etablere del av ny fylkesveg som tilkomst til nytt bustadområde (6 tomtar) og ny tilkomst til 4-6 eksisterande bustader. Strekinga går frå kryss med rv 60 og ca 65 meter vestover. Som det kom fram på synfaringa ønskjer de å halde på eksisterande kryssløysing inntil heile omlegginga av fv 725 er gjennomført. De grunnegjev dette med at tungtransport vil ha problem med å manøvrere i krysset dersom ein av eksisterande vegar vert stengd. Vår vurdering er at dersom eksisterande kryss vert oppretthalde og det kjem ei ny avkøyring/kryss vert trafikkarealet meir utflytande og udefinert. Det er situasjonar vi ikkje ønskje, spesielt ikkje inntil ein riksveg. Reguleringsplanen viser ei løysing der armen langs husa vert stengd og området mot "trekanten" er avsett som torg.

Av trafikktryggingssomsyn krev vi at området vert opparbeidd i samsvar med reguleringsplanen nå tilkomsten (del av ny fylkesveg) vert etablert. Som mellombelse løysingar kan vi akseptere at det vert sett opp betongkantar mellom torg og vegbane inntil torget vert etablert.

De ønskjer å forskotere delen av fylkesvegen som de nå vil bygge. Denne omlegginga av fylkesvegen er ikkje prioritert i Fylkesvegplanen. Vi har heller ikkje frie fylkesvegmidlar til dette. Vi skal sende saka til vidare handsaming slik at de får avklara det.

Opparbeiding av vegen som tilkomst til bustadfelt m.o.t geometri og utføring har vi ikkje merknader til. Fylkesvegen har vi derimot klare krav om geometri og utforming. Vi nyttar vegnormal 017; veg og gateutforming, og dei krav som ligg inne der. Vegen gjennom tettbebyggelsen vert å rekne som ein samleveg i middels tett bebyggelse; S2. (s. 77 -84). Det vil sei at vegen skal ha to køyrefelt med skulder og grøfter. Dersom fylkesvegen skal byggast

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon 81 54 40 10  
Telefaks 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Sanderplassen 6  
FØRDE

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Båtsfjordvn 18  
9815 VADSØ  
Telefon 78 94 15 50  
Telefaks 78 95 33 52

annleis må det dispenserast frå desse krava og det er fylkesutvalet som handsamar det. I denne saka kan det også nemnast at vegnormalen er under revisjon, men når og korleis den vert etter det er umogeleg å sei.

Det vert også søkt om å legge leidningar frå nytt bustadfelt og til fjorden.


Det vert gjeve løyve til å leggje leidningar i samsvar med søknad dat. 01.03.2004 på vilkår.

1. De får løyve til å grave i vegen/vegkanten. Leidningane må vere minst 80 cm under vegbana.
2. Statens vegvesen (byggherre drift /vedlikehald Lars Erik Karlsen tlf. 57889930/95191827) skal varslast før arbeidet tek til.
3. De skal syte for at arbeidsstaden er skilta etter godkjend varslingsplan, og etter retningslinjene for arbeidsvarsling. Er de i tvil om skiltinga eller varslinga, ta då kontakt med Statens vegvesen.
4. De er ansvarleg for all skade som kjem på vegområdet eller tredjemann på grunn av leidningsanlegget. De har sjølv plikt til å undersøkje om det ligg kablar eller andre innretningar på staden som kan bli skadde ved arbeidet.
5. Løyvet frå vegvesenet er mellombels. De har plikt til å endre leidningsanlegget, eventuelt fjerne det dersom vegvesenet finn det naudsynt. Ei slik endring/fjerning må de koste sjølv.
6. Mogleg ulempe for leidningsanlegget ved at vegvesenet driv vedlikehaldsarbeid, reparasjon og utbetring, vedkjem ikkje vegvesenet.
8. De skal setje vegområdet i fullgod stand etter arbeidet. Oppgraven masse skal fyllast tilbake i grøfta og lagvis komprimerast for kvar 0,5m. Grøfta må straks reparerast med mellombels dekke av asfalt. Før reasfaltering må eksisterande dekke sagast slik at nytt dekke vert lagt inntil den kanten. De må reasfaltering på heile vegbreidda. Reasfaltering med varme massar må vere utført innan 3 månader etter at arbeidet er avslutta. Søkjaren er ansvarleg for vedlikehald av grøfta til endeleg dekke er lagt. Vegvesenet skal godkjenne det ferdige arbeidet.

Veg-Fjordane  
Med helsing



Arnfinn Båtevik  
Seksjonssjef



Vigdis Lobenz



**STRYN KOMMUNE**  
Rådmannsavdelinga

Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4

6863 LEIKANGER

Vår ref.  
04/919-9/ L81 //LBH

Dykkar ref.

Dato:  
02.09.2004

## Framføring av ny veg til bustadfelt i Utvik m.m.

Vi syner til tidlegare kontakt i denne saka, seinast dykkar brev av 10.05.04.

Stryn kommune arbeider no med ei justering av den vidare fylkesvegtraceen med tanke på å få fullført heile omlegginga av fylkesveg 725.


Eit spørsmål som då treng avklaring, er kva løysing som er ønskjeleg i høve til eksisterande fylkesvegbru. Alternativa er utviding av eksisterande bru mot nord, eller ny bru. I og med at dette spørsmålet er avgjerande for den pågåande reguleringsendringa, er det naturleg at Statens vegvesen vert involvert før vi går vidare med saka. Det synest naturleg med ei felles synfaring, og vi bed om tilbakemelding for avtale.

Det er også interessant å få opplyst korvidt det er signal i høve til prioritering i fylkesvegplanen. Med dei investeringar som er gjort i Utvik sentrum dei seinare åra med tanke på estetisk og trafikkmessig opprusting, hadde det vore svært positivt å få gjennomført mest muleg av attståande tiltak.

Som drøftingsgrunnlag for synfaring i området, legg vi ved skissemessig framlegg til vegtrace.

Med helsing

  
Harald Risnes  
rådmann

  
Lars Birger Holmøyvik  
plankonsulent  
57 87 47 13

Kopi: Teknisk kontor v Tor Guddal, her

Besøksadresse	Telefon	57 87 47 00	Banksamaband	
	Telefaks:	57 87 47 01	Nordea	6557 05 02802
6783STRYN			Sparebanken SFJ Stryn	3795 07 00239
	e-postadresse:	postmottak@stryn.kommune.no	Sparebanken SFJ Innvik	3770 07 00314
Org.nr: 963 989 202	Heimeside:	http://www.stryn.kommune.no	Postbanken	0803 57 93500
			Postbanken (SKATT)	0827 58 14491

702

fak nr 5787 2003

sendt 18/10-04

Utvik Masbin AS

Arne Hage

Til orientering  
for Grøddal



Statens vegvesen

Stryn kommune  
Tonningsgata 4  
6783 STRYN

STRYN KOMMUNE	
Saks.nr:	04/1996-1
Ark.kode:	L12
07 OKT 2004	
Opprettet	
Opprettet av	
Opprettet av	KON
Kontroll	

Behandlande eining:  
Region vest  
Fjordane distrikt

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Vigdis Lobenz - 57 72 40 54

Vår referanse:  
2003/80357-006

Dykkar referanse:

Vår dato:  
05.10.2004

### Framføring av ny veg til bustadfelt i Utvik i Stryn kommune

Hovudutval for regional utvikling (Sogn og Fjordane fylkeskommune) hadde saka om omlegging av fv 745 gjennom Utvik (130m) til handsaming i september. Dei gjorde eitt vedtak der det vart løyvd kr. 400 000 til dette anlegget. I saka er det også sagt at det skal vere ein avtale mellom Stryn kommune og Fjordane distrikt om denne utbygginga. Statens vegvesen (Svv) vil lage eitt forslag til ein utbyggingsavtale om dette prosjektet.

Stryn kommune (SK) ønskjer no å legge om heile strekninga av fv 745 slik det er i reguleringsplanen. Dette er positivt og svv ønskjer å samarbeid med SK om dette. SvV har hatt dette til intern drøfting og vi kan lage ei vurdering av eksisterande reguleringsplan på staden. Vurderinga skal mellom anna gå på vegstandard og linjeføring; skal vegnormal 017 følgjast, kva gjer vi det med eksisterande bru og kva for linjeføring medfører desse val. SvV kan ut frå dette lage eit forslag til reguleringsendring dersom det vert resultatet av vurderingane. SK må stå for handsaminga av dette på vanleg måte (utlegging til off.ettersyn m.m). Parallelt med handsaminga av reg.plan endringa kan svv utarbeide ein byggeplan på denne parsellen.

Fjordane distrikt skal tinge dette arbeidet og gjere det vi kan for at det vert sett i gang fort som mogeleg. Når planvurderingane er kome i gong vil det vere aktuelt med synfaring med ulike fagpersonar. Dette kjem vi attende til.

Veg-Fjordane  
Med helsing

Arnfinn Båtevik  
Seksjonssjef

Vigdis Lobenz  
Vigdis Lobenz

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 815 44 010  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Sanderplassen 6  
FØRDE

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Båtsfjordveien 18  
9815 VADSØ  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52



## Statens vegvesen

### Referat

Dato: 26.01.2005  
Tid: 1030-1300  
Referent: Vigdis Lobenz

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Vigdis Lobenz - 57724054  
Vår dato: 27.01.2005  
Vår referanse: 2003/80357-007


### Utvik, omlegging av fv 725 , Synfaring og møte 25. januar 2005

**Møte nr.:** 1  
**Stad:** Utvik sentrum  
**Møteleiar:** Lars Birger Holmøyvik  
**Til stades:** **Stryn kommune (Sk):** Lars Birger Holmøyvik, Tor Guddal, Sigurd Lunde  
**Stryn energi:** Anbjørn Sølvberg  
**Asplan Viak ISIS:** Ingar Hals  
**Statens vegvesen (Svv):** Audun Borlaug, Nils Henjum, Sigmund Hagen, Vigdis Lobenz  
**Referat:** Alle møtedeltakarane og SvV: Gunnar Søderholm, Arnfinn Båtevik  
**Møtereferatet vert berre send elektronisk!!**

	Ansvar / frist
<p><b>Føremålet med synfaring og møtet er:</b> Vurdere ny vegline for fv 725 slik den ligg i reguleringsplanen.</p> <p><b>Bakgrunnen er:</b> Stryn kommune ønskjer å legge om traseen for fv 725 (ca 120m) frå rv 60 og mot Tistam (Moldereim). Det er ein vedteken reg. plan som viser ein vegtrase. Stryn kommune har bygd deler av denne strekninga i haust for å gje tilkomst til nokre bustadtomter. No ønskjer dei å bygge ferdig omlegginga av fv 725 for å sleppe mellombelse løysingar i området. I vestenden av traseen er det ei bru (fv 725 hp1 km 0,128). Det er avgjerande for veglina korleis den skal krysse elva, ny bru eller utviding av eksisterande. Det er også viktig å avklare korleis skal ny trase og eksisterande koplast saman.</p> <p><b>Synfaring og møte</b> <b>Kort orientering:</b> Det er ein del gangtrafikk frå kommunal veg som kjem ned på fv 725( km 0,157) vest for brua, skuleveg. I tillegg er det oså ein del</p>	

	Ansvar / frist
<p>tuntrafikk frå Dooria som ligg lenger på veg mot Tistam. I reg. plan er det fortau langs fv fram til kommunal veg. Sk har bygd ein del av vegen for å løyse ut tomter. Grunnen for det er løyst inn etter eitt skjønn i området. Vegen er ikkje bygd i samsvar med reg. plan. Sk har sett på vidare line og vore i kontakt med grunneigarane. Det er dialog.</p> <p><b>Avgrensing av omlegging:</b> Det må takast stilling til kor langt fv 725 skal utbetrast/omleggast i denne omgangen. Det vil vere naturleg å planlegge ny vegline fram til kryss med kommunal veg (km 0,157). Kor langt det skal opparbeidast må avklarast i ein fagleg/økonomisk prosess.</p> <p><b>Dimensjonering og fartsgrense:</b> Etter vegnormalen bør fv 725 vere ein S2 veg med 2 felt og fortau; <math>0,5+2,5+2,5+0,25+2,0=7,75</math> m</p> <p>Vi (Fjordane distrikt) har vurdert fartsgrense og dimensjonerande fart og kome fram til følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• dim fart settast til 50 km/t</li> <li>• fartsgrense i området bør vere 50 km/t under føresetnad at det vert bygd fortau <ul style="list-style-type: none"> <li>○ oppheva gangfelt vert å vurdere</li> <li>○ evt. 30 sone og/eller andre fartsreducerande tiltak vert å vurdere seinare dersom problem oppstår.</li> </ul> </li> </ul>	<p>Arnfinn Båtevik</p>
<p>Dersom ikkje dimensjoneriga kan følgjast må det søkast om avvik.</p> <p><b>Brua:</b> Den har totalbreidde 4,65 m og køyre breidde 4 m. Støypekanten er ein del av den berande konstruksjonen. Det er mogeleg å utvide eksisterande bru nordover (på nedsida mot fjorden). Vurdering av konstruksjon og kostnad med utviding og evt. forsterking av eksisterande må det takast stilling til i denne prosessen. Det er mogeleg å heve vegbana litt i rundt brua.</p> <p>Lysopninga i brua bør ikkje reduserast, men dette må avklarast med NVE.</p> <p>Kabel oppstraums brua tilhøyrer Utvik vassverk.</p> <p>Ved planlegging av bru må det gjerast plass til kablar (el. Tele m.m.)</p>	<p>Gunnar Söderholm Gunnar Söderholm/ Audun Borlaug</p>
<p><b>Eigedom:</b> Stryn kommune har erverva grunnen, målt opp og helde kartforretning for den traseen som no er bygd. Nils Henjum har diskutert dette med Magna Vangnes (eigedomssjefen) og dei meiner Stryn kommune kan fortsette den jobben sidan dei har etablert dialog med grunneigarane. Dette er under føresetnad at SvV vert ein samarbeidspart og skal vere med på forhandlingane. Sk gjer oppmåling og kartforretning slik dei har gjort på opparbeida del.</p>	<p>Nils Henjum</p>
<p><b>Utbyggingsavtale:</b> SvV vil ha ein utbyggingsavtale med Sk om dette prosjektet. SvV utformar eitt forslag når planlegginga har kome litt lenger.</p>	<p>Nils Henjum/ Vigdis Lobenz 10.03.2005</p>
<p><b>Ymse:</b> Det er ønskje om å sette opp stabbesteinar på utførd del av fv. Før det kan gjerast må det sjekkast i forhold til rekkverksnormalen.</p> <p><b>Oppsummering:</b> Vurdering av veglina og brua skal gjerast så raskt som mogeleg. I tillegg bør dei trafikale forholda på rv 60 med busshaldeplass, bussparkering og kryssutforming vurderast. Når desse vurderingane er klare vert det å utforme ei reguleringsendring i samarbeid med Sk.</p>	<p>Vigdis Lobenz</p>
<p><b>Merknader til referat vert å melde referent innan 1. februar!</b></p>	





Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Regionalavdelinga  
Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

Vår ref.  
05/525-2/233 L05 //LBH

Dykkar ref.

Dato:  
10.05.2005

## Tilskot til tettstadutvikling/sentrumsutvikling 2005 - søknad om midlar til stadanalyse/utbyggingsplan Utvik sentrum

Vi syner til e-post av 14.04.05.

Utvik sentrum har særlege kvalitetar basert på eit tradisjonsrikt bygningsmiljø og materialbruk med utgangspunkt i lokale ressursar. Lokale krefter har i lag med Stryn kommune nytta vesentlege ressursar for å gjennomføre ei miljømessig opprusting av sentrumsområdet. Dette gjeld m.a. opprusting av den gamle postvegbyggja, "likstøda", naustrekkja og kyrkjeparken.

Det som står att for for å fullføre intensjonane i kommunedelplan og reguleringsplan, er etablering av "gatetun" og torg, samt fullføring av omlegging av fylkesveg mot vest. Denne er bygt til og med avkøyrsele til nytt bustadfelt. Vi legg ved kopi av stadfest reguleringsplan der desse elementa er markert.


Både kommunedelplan for Utvik og stadfest reguleringsplan legg vekt på å føre vidare den tradisjonelle byggjestilen og materialbruken i området. I reguleringsføresegnene heiter det m.a.: "Bygningsrådet skal kontrollere at bygningane sin form, fasade, inndeling av vindauge og materialval harmonerer med omkringliggende bygningar. Bygningsrådet skal også godkjenne dekke på fortau, skilt og reklamebruk, husfarge, gjerdeutforming og materialval, murar og beplanting. Det skal gjevast ei utforming som passar med karakteren i området. Det bør leggest vekt på å nytte lokale råvarer (skifer) der desse kan vere med på å gje området lokal karakter."

For gatetun og torg set reguleringsføresegnene krav til utbyggingsplan (bebyggelsesplan). Før vi opparbeider desse delane av Utvik sentrum, er det viktig med ein gjennomarbeidd plan basert på ein analyse av dei element som er framheva i eksisterande plandokument. Vi trur eit godt planarbeid der ulike faggrupper vert kobla inn, vil kunne gjere Utvik sentrum til ein svært triveleg stad for fastbuande og tilreisande.

Vi har stipulert kostnadene med ein stadanalyse/utbyggingsplan til kr 90000.-. På denne bakgrunn søker vi om tilskot frå midlar til tettstadsutvikling 2005.

Med helsing

Harald Risnes  
rådmann

  
Lars Birger Holmøyvik  
plankonsulent  
57 87 47 13

Postadresse/besøksadresse	Telefon	57 87 47 00	Banksamband	
Tonningsgata 4	Telefaks:	57 87 47 01	Nordea	6557 05 02802
6783 STRYN			Sparebanken SFJ Stryn	3795 07 00239
			Sparebanken SFJ Innvik	3770 07 00314
	e-postadresse:	postmottak@stryn.kommune.no	Postbanken	0803 57 93500
Org.nr: 963 989 202	Heimeside:	http://www.stryn.kommune.no	Postbanken (SKATT)	0827 58 14491



**STRYN KOMMUNE**  
Plan- og utviklingsavdelinga

Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4

6863 LEIKANGER

Vår ref.  
04/931-26/611 //LBH

Dykkar ref.

Dato:  
27.03.2007

## Fylkesveg 725 Utvik - Moldreim - omlegging i Utvik sentrum.

Vi syner til telefonsamtale med Dina Lefdal den 23.03.07.

I kommuneplan for Stryn (arealdel Utvik) vart det vedteke at fylkesveg 725 skal leggest om gjennom Utvik sentrum. Føremålet er å rydde opp i det uoversiktlege og utrygge trafikkbildet i Utvik sentrum. Det er utarbeidd reguleringsplan for den aktuelle strekninga i samarbeid mellom Stryn kommune og Statens vegvesen. Kontaktperson har i hovudsak vore Vigdis Lobentz.

Vi legg ved kopi av stadfest reguleringsplan. Dette omfattar både delplan for den vestre delen og plan som syner utforming av kryssområdet i sentrum.

I samband med bygging av ny veg til bustadfelt (sjå kart), har Stryn kommune opparbeidd deler av fylkesvegen. Til dekking av desse kostnadene har Statens vegvesen løyvt kr 400000.-. Kr 200000.- vart utbetalt i 2006, medan kr 200000.- står til rest.

Vi har i heile prosessen hatt nær kontakt med Statens vegvesen i saka. I så måte syner vi til vedlagde kopiar av brev frå oss av 01.03.04 og 02.09.04 og brev frå Statens vegvesen av 10.05.04.

Løyvinga på kr 400000.- omfattar den strekninga som er opparbeidd. Det som står att er fullføring av vegen fram til brua (sjå kart). Ny bru er ikkje med i dette byggjesteget, då det truleg vil krevje kostnader som må prioriterast i fylkesvegplanen. Dette får vi kome attende til som eiga sak. Vi har i samråd med Statens vegvesen kome fram til at den nye vegen kan koblast til eksisterande veg før brua.

I tillegg til vegen fram til brua, må det byggjast ny avkøyrsløse til kaia for å få ordna opp i trafikktilhøva i krysset. Det er også vist på vedlagt kart.

Restarbeidet er av oss kostnadsrekna til kr 576900.- (kalkyle vedlagt). I tillegg har Stryn kommune forskottert grunninnløyving. Dette utgjer ca kr 80000.-, slik at restfinansieringa omfattar ca kr 650000.-.

Postadresse/besøksadresse  
Tonningsgata 4  
6783 STRYN

Telefon 57 87 47 00  
Telefaks: 57 87 47 01

e-postadresse: [postmottak@stryn.kommune.no](mailto:postmottak@stryn.kommune.no)  
Heimeside: <http://www.stryn.kommune.no>

Banksamband  
Nordea 6557 05 02802  
Sparebanken SFJ 3795 07 00239  
Dnb (SKATT) 0827 58 14491

Org.nr: 963 989 202

Då trafikktilhøva i Utvik sentrum er svært uoversiktlege og utrygge, vonar vi at det kan finnast løysing for å få fullført det aktuelle prosjektet. Spørsmål i saka kan rettast til underteikna.

Med helsing

  
Harald Risnes  
rådmann

  
Lars Birger Holmøyvik  
seksjonsleiar for plan- og utviklingsavdelinga  
57 87 47 13

Kopi: Seksjon for kommunalteknikk ved Inge Jarl Tennebø, her  
Tor Guddal,her

Fylkesveg 725

Dato: 27/03/07

Målestokk 1:1000

Stryn kommune

N




Y 24600

X 424100

X 424000

X 423900




*skal utstakt  
til det nye  
for brua*

STADTST REG. PLAN

ER B'IGT

JOCIE B'IGT



**KOSTNADSOVERSLAG****Vidareføring av del av fylkesveg i Utvik sentrum**

Omfattar opparbeiding av veg frå austsida av postvegen (grense mot 157/25 og 80) og vestover til eksist. bru . Lengde om lag 30m.  
Inkl. asfaltering av heile vegen, veglys langs vegen, avgrensing av avkørsle mot Utvik brygge, avstenging eksist. veg mellom 158/4 og 157/25, gjerde/beplantning m.m.

<u>Tekst</u>	<u>Mengde</u>	<u>Eining</u>	<u>Pris</u>	<u>Sum</u>
<b><u>Nytt vassledningsrør - hovedvassledning for Nedre Verlo vassverk:</u></b>				
Utskifting av Nedre Verlo vassverk sin gamle vassledning på strekninga samtidig som eksist. vassledning skal vere i drift.				
Grøft, graving langs telekabel, kjøp/arbeid rør, rørdeler, omkoblingsarbeid m.m. (Hovedgrøft om lag 30m og sidegrøfter til abonnentane utom veg om lag 20m)	50 m		1000	50000
Ny vasskum m/ledningar og stengekraner til eigedomar i området	1 stk		30000	30000
<b><u>Nytt overvassrør Ø400 frå eksist. kisteveit på austsida av postvegen og vestover med utløp til elva, inkl. ny sandfangkum ved 157/3 :</u></b>				
Grøft saman med vassledning				
Sandfangkum	3 stk		6000	18000
Ø160 OV-rør	30 m		200	6000
Ø400-OV-rør	30 m		500	15000
<b><u>Avløpsledning frå 157/3 nedom vegen med tilknytning til komm.ledning:</u></b>				
Grøft og rør	35 m		500	17500
<b><u>Veglys, austside postvegen til brua:</u></b>				
Kabelgrøft (tek også her med rør/kabel for Stryn Energi AS)	30 m		200	6000
Kabel/rør, fundament, stolpar, armatur, arbeid m.m. for 3 stk. veglys	3 stk.		15000	45000
<b><u>Opparbeiding veg m/fortau, lengde om lag 30m:</u></b>				
Fjerning av tre og busker	1 rs		2000	2000
Masser i eksist. veg skal ikkje skiftast ut. Nedanforstånde mengder er ca: mengder				

Utgraving jord/lausmasser til traubotn. Uttrauing til 1,0m under ferdig veg.	80 m3		60	4800
Oppfylling forsterkingslag, 60cm.	50 m3		100	5000
Bærelag, 30cm	20 m3		160	3200
Gruslag, 10cm	10 m3		180	1800
Arrondering mot avkørsle for gangveg mot eksist. postveg inkl. reasfaltering	1 rs		5000	5000
Oppgraving av asfaltdekke og arrondering mot 158/4	1 rs		5000	5000
Arbeid med riving av eksist. trapp ved 157/3 inkl. støyping/skiferbekledning av trappa m.m.	1 rs		12000	12000
Etablering av fysisk sperre mellom ny veg og "tun" ved bruk av saksa låsbar bom	1 rs		20000	20000
Setting av kantstein frå postvegen og vestover til brua	28 m		500	14000
<b>Div. på vegen aust for postvegen:</b>				
Setting av kantstein frå avkørsla til bustadfeltet og vestover til postvegen	28 m		500	14000
Gjerde	1 rs		8000	8000
Beplantning	1 rs		5000	5000
<b>Asfaltering av heile den nye vegen, frå riksvegen til brua, 110m:</b>				
Vegbreidde inkl. fortau 7,75m + avk. mot Utvik brygge gjev ca: 1000m2	1000 m2		120	120000
<b>Ved "torg" - avkørsle mot Utvik brygge:</b>				
Avgrensing "torg"/veg ved bruk av kantstein				
Om lag 45m på austside og 30m på vestsida				
Setting av kantstein	75 m		500	37500
Saging av asfalt	45 m		100	4500
Reasfaltering ved kantstein mot "torg"	90 m2		150	13500
<b>Prosjektering og byggeleining</b>				
Sum eks. m.v.a.	1 rs		50000	50000
25% m.v.a. på materialkostnad (om lag 50 % av sum)				512800
<b>Totalsum inkl. m.v.a.</b>				<b>64100</b>
				<b>576900</b>
Stryn kommune, Seksjon kommunalteknikk				
den 14.02.2007				
Tor Guddal				
prosjekting.				



## Statens vegvesen

Stryn kommune  
Tonningsgata 4  
6783 STRYN

STRYN KOMMUNE	
Sak/doknr.	04/931-28
Ark.kode:	611
21 SEPT 2007	
Objektkode	
Gradering	
Saksbeh.	LBH
Kopi til	

Behandlande eining:  
Region vest  
Fjordane distrikt

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Vigdis Lobenz - 57724054

Vår referanse:  
2003/080357-012

Dykkar referanse:  
04/931-26/611

Vår dato:  
18.09.2007

### Fv. 725 Utvik - Moldreim - omlegging i Utvik sentrum

Omlegging av fv 725 i Utvik er eit arbeidd som Stryn kommune har begynt på for å løyse ut nokre tomter på oppsida av vegen. Til no har de etablert om lag halvparten av strekninga som er tenkt omlagt, men fast dekke manglar. I sak 0049/04 fekk de løyvd kr. 400 000 som eit eingongstilskot. Av desse midlane er kr. 200 000 utbetalt og 200 000 står i rest. Desse midlane vert utbetalt når vi ser at arbeidet med parsellen vert slutført.

Det vart søkt om meir midlar frå Fylkeskommunen for å fullføre vegomlegginga. Denne saka vart handsama i Samferdsleutvalet 23. mai -07 sak 0032/07 : "Fylkesvegbudsjett 2007- Til fordeling – vegsektoren 2. fordeling. I saksutgreiinga står det..... Stryn kommune ynskjer no å leggje om heile strekninga fram til brua lenger vest, og søker om ytterlegare løyving til å fullføre dette. Dette arbeidet er kostnadsrekna til kr 576 900. I tillegg kjem grunninnløyving med kr 80 000, slik at restfinansieringa utgjer om lag kr 657 000. Ny bru ligg ikkje inne i dette overslaget. Dersom fylkesvegen skal leggjast om ytterlegare i Utvik sentrum, medfører dette behov for ombygging av krysset mellom rv. 60 og fv. 725. Kostnaden med dette er ikkje med i søknaden frå Stryn kommune. Tiltaket er heller ikkje med i gjeldande fylkesvegplan. Vi oppfattar det tilskotet som er gjeve fv. 725 til å vera eit eingongstilskot for å løyse ut veg til bustadfeltet. Vi føreslær ikkje ytterlegare løyvingar til fv. 725 på noverande tidspunkt."

Samferdsleutvalet løyvde ikkje meir midlar til dette no.

Intensjonen er å opparbeide krysset med rv 60 og ny fylkesvegtrase i samsvar med vedteken reguleringsplan. De vil prøve å finne ulike "kjelder" til finansiering av dette slik at det vert eit spleiselag. Når de kjem vidare i denne prosessen må det lagast ein utbyggingsavtale som omfattar resterande arbeid. Vi føreset at Stryn kommune framleis har initiativet og at de søker samarbeid med oss.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 815 44 010  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Sanderplassen 6  
6800 FØRDE

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Båtsfjordveien 18  
9815 VADSØ  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52



Fjordane distrikt  
Med helsing



Arnfinn Båtevik  
Seksjonsleiar



Vigdis Lobenz

2 vedlegg  
Møtebok og saksutgreiing frå Samferdsleutvalet



Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4

6863 LEIKANGER

**Vår ref.**  
04/931-29/611 //LBH

**Dykkar ref.**

**Dato:**  
08.11.07

## **Fylkesveg 725 Utvik - Moldreim - omlegging i Utvik sentrum, finansiering.**

Vi syner til tidlegare brev om denne saka av 27.03.07, og svarbrev frå dykk datert 18.09.07.

I brevet av 27.03.07 søkte Stryn kommune om finansiering av restarbeid knytt til den aktuelle vegstrekninga. Saka vart handsama i hovudutval for samferdsle den 23.05.07 (sak 0032/07). Det vart ikkje funne pengar til prosjektet.

I saksutgreiinga til utvalet vart det peika på at kostnadene med omlegging av krysset mellom r.v. 60 og fylkesveg 725 ikkje var med i søknaden.

Vi har no bearbeidd saka på nytt. I den samanheng har vi teke med kostnadene for omlegging av krysset i samsvar med stadfest reguleringsplan for Utvik. I dette opplegget inngår også opparbeiding av "torg" og "tun" slik reguleringsplanen syner.

Utforming av "torg" og "tun" er vist på vedlagt utsnitt av reguleringsplan. Desse utgjer i hovudsak den delen av eksisterande fylkesveg som vert lagt ned.

Vi har no utarbeidd kalkyle for det totale prosjektet. Vegkrysset med "torg" og "tun" er kalkulert til ca kr 540000.-. Dei totale kostnadene kjem såleis på kr 540000.- + kr 600000.- (jfr brev av 27.03.07) = kr 1140000.-. Deler av tiltaket kan definerast som kommunale oppgåver. Vi har difor delt kostnadene med bakgrunn i ansvarsfordeling Stryn kommune/Statens vegvesen.

Statens vegvesen sin del vert då avgrensing med kantstein mot riksveg og fylkesveg i kryss- og torgområdet. Tiltak inne på torgområdet definerer vi som ei kommunal oppgåve, eventuelt i samspel med oppsitarane. Ved oppsplitting av kalkylen kjem vi til at den kommunale delen utgjer ein kostnad på kr 280000.-. Totalkostnaden for Statens vegvesen vert då kr 860000.-.

Saman med lokale aktørar har Stryn kommune brukt ein god del ressursar for å utvikle Utvik sentrum med tanke på estetikk, trivsel og trafikktryggleik. Krysset mellom r.v. 60 og

Postadresse/besøksadresse  
Tonninggata 4  
6783 STRYN

Telefon 57 87 47 00  
Telefaks: 57 87 47 01

e-postadresse: [postmottak@stryn.kommune.no](mailto:postmottak@stryn.kommune.no)  
Heimeside: <http://www.stryn.kommune.no>

Org.nr: 963 989 202

Banksamband  
Nordea 6557 05 02802  
Sparebanken SFJ 3795 07 00239  
Nordea (SKATT) 6345 06 14493

fylkesveg 725 er i dag svært uheldig utforma med tanke på trafikkavvikling og tryggleik, og det er uheldig at eit halvgjort arbeid vert liggande ufullført i lang tid.

Vi ser det som svært viktig å fullføre opprustinga av Utvik sentrum i samsvar med reguleringsplanen, og ser for oss at dette kan bli eit eksempel for andre mindre tettstader. Vi vonar difor det kan finnast ei løysing der Statens vegvesen kan vere med på å få realisert det som står att av arbeidet.

Med helsing

Harald Risnes  
rådmann

Lars Birger Holmøyvik  
seksjonsleiar for plan- og utviklingsavdelinga  
57 87 47 13

Vedlegg 1: Brev av 27.03.07 med kart og kalkyle

Vedlegg 2: Kart, kalkyle og utsnitt av reg.plan knytt til utvida søknad

Kopi: Ordførar Nils P Støyva, her



**STRYN KOMMUNE**  
Plan- og utviklingsavdelinga

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Regionalavdelinga  
Askedalen 2

6863 LEIKANGER

**Vår ref.**

08/436-2/233 L //LBH

**Dykkar ref.**

**Dato:**

27.03.2008

## Tilskot til tettstadsutforming 2008 - søknad frå Stryn kommune om midlar til Utvik sentrum.

Vi syner til brev av 22.01.08.

- 1. Søkjar:** Stryn kommune, Tonningsgata 4, 6783 Stryn
- 2. Lokalisering:** Utvik sentrum
- 3. Presentasjon av tiltaket** – konkret prosjekt: Tiltaket omfattar fullføring av miljø- og trafikkmessig opprusting av Utvik sentrum i samsvar med stadfest reguleringsplan frå 1996 og 2006, samt stadanalyse utarbeidd av Alf Støle i 1996 ("Miljøopprusting av Utvik sentrum"). Det som står att for å oppfylle stadanalysen og reguleringsplanen sine målsettingar, er fullføring av torgarealet og "tunområdet" langs den "gamle" fylkesvegen mot Moldreim. Stryn kommune arbeider saman med Statens vegvesen med omlegging av fylkesvegen. Vi legg ved kopi av reguleringsplan (vedl. 1), skisser frå stadanalyse (vedl. 2), samt plankart som syner dei aktuelle tiltaka (vedl. 3).
- 4. Bakgrunn for tiltaket:** Stryn kommune har gjennom dei siste 10 – 12 åra nytta relativt store summer til miljø- og trafikkmessig opprusting av Utvik sentrum. Lokalmiljøet har vore ein viktig medspelar i arbeidet. Fyrste del av arbeidet omfatta restaurering av Utvik gamle bryggje. Den er del av den Trondhjemske postvegen mellom Bergen og Trondheim. Andre etappe i arbeidet var det såkalla "Sjøatunprosjektet", som tok føre seg opprusting og omplassering av gamal naustrekkje, samt opparbeiding av avkøyrslar, fortau, parkeringsplassar og grøntanlegg. I dette tiltaket inngjekk også opprusting av det gamle kulturminnet "Likstøda". Tredje etappe omfatta den såkalla "Kyrkjeparken" med ny og tryggare avkøyrslar til skule/barnehage, busslomme med plass for leskur, parkeringsplass, grøntanlegg og miljømessig opprusting. Alt arbeidet er basert på stadfest reguleringsplan og stadanalyse, med basis i Utvik sentrum si historie og struktur. Mellom anna er gamle kulturminne som Kårstadsteinen, Likstøda, Utvik gamle bryggje og Tiendebuda viktige element i det arbeidet som er gjort. (vedlegg 5 A-F syner ein del av desse tiltaka)
- 5. Grunngeving for tiltaket:** I kommuneplanen for Stryn, er for Utvik skissert følgjande hovudutfordringar:" - Både i reguleringsplan og kommunedelplan er det satsa på ei miljømessig opprusting av Utvik sentrum. Det er også viktig å ta vare på

Postadresse/besøksadresse  
Tonningsgata 4  
6783 STRYN

Telefon 57 87 47 00  
Telefaks: 57 87 47 01

e-postadresse: postmottak@stryn.kommune.no  
Heimeside: <http://www.stryn.kommune.no>

Banksamband  
Nordea 6557 05 02802  
Sparebanken SFJ 3795 07 00239  
Nordea (SKATT) 6345 06 14493

Org.nr: 963 989 202

den særprega bygningsmassen i området". Difor er det positivt at også områda "mellom husa" får ei miljømessig opprusting. I den samanheng er dei aktuelle tiltaka med opprusting av "torg" og "tun" svært viktige. Dei aktuelle tiltaka er, i tillegg til omlegging av fylkesvegen, dei siste arbeida som står att for å oppnå reguleringsplanen og stadanalysen si målsetting. I tillegg til den næringsverksemd som er etablert i sentrum, har Stryn kommune lagt til rette eit nytt bustadfelt med 6 tomter, der 5 er selde. Dei aktuelle tiltaka vil auke trivnaden både for næringsdrivande, fastbuande og tilreisande.

6. **Målsetting med gjennomføring av tiltaket:** Hovudmålsettinga med tiltaket er todelt, og omfattar miljømessig opprusting samt trafikkmessig opprusting med tanke på auka trafikktryggleik. Sentrumsområdet i Utvik har i dag ei uheldig trafikkmessig utforming, med fårlege kryss og dårleg skilje mellom dei ulike trafikkantgruppene. Omlegging av fylkesvegen og fullføring av prosjekta "torg" og "tun" i samsvar med stadfest reguleringsplan, vil i stor grad bøte på dette. Den miljømessige opprustninga vil også framheve det særleine bygningsmiljøet i Utvik sentrum. Det vil bli teke sikte på bruk av lokale materialar i prosjektet, m.a. med tanke på lokal skiferproduksjon (Moldreimskifer – sjå vedlegg).
7. **Infrastrukturtiltak:** I samband med prosjekt "torg" og "tun", må det gjerast ein del investeringar i opprusting/nylegging av infrastruktur i bakken. Dette omfattar i hovudsak drenering, og går fram av planmaterialet.
8. **Framdriftsplan:** Fullføring av det omsøkte prosjektet er avhengig av at flytting av fylkesvegen er ferdig. Dette tek vi sikte på å få til i løpet av 2008. Vi ser for oss oppstart av prosjekt "torg" og "tun" i løpet av våren (april) 2009.
9. **Kostnadsoverslag:** Det ligg føre kostnadsoverslag for dei aktuelle tiltaka datert 31.03.08. Vi har kome fram til ein totalkostnad på kr 580000.-. (vedlegg 4).
10. **Finansieringsplan:** Vi søker om maksimalt tilskot frå tettstadsmidlane. Resten vil bli dekt av Stryn kommune, eventuelt ved hjelp av delfinansiering frå oppsitjarar.
11. **Vedlegg:** Vedlegg 1: Stadfest reguleringsplan. Vedlegg 2: Stadanalyse (Miljøopprusting av Utvik sentrum). Vedlegg 3: Plan for "torg" og "tun". Vedlegg 4: Kostnadsoverslag. Vedlegg 5 A-F: Illustrasjonsfoto.
12. **Stryn kommune søker om maksimalt tilskot av tettstadsmidlane til prosjektet "torg" og "tun" i Utvik sentrum.** For manglande opplysningar, ta kontakt med underteikna.

Med helsing

  
Harald Risnes  
rådmann

  
Lars Birger Holmøyvik  
seksjonsleiar for plan- og utviklingsavdelinga  
57 87 47 13

Vedlegg 1- 5 (sjå pkt. 11)

**KOSTNADSOVERSLAG**

Omfattar opparbeiding av torgplass "torg" og avgrensing av eksist. fylkesveg mot Tistam "tun" i Utvik sentrum i samsvar med kartskisse av 25/10/07.

Tekst	Mengde	Eining	Pris	Sum
<b>Kantstein</b>				
Ved rv.60, frå fontene mot eksist. ende retning Innvik inkl. nedsenking v/innkøyrslø	35 m		600	21000
Mot 157/9	35 m		600	21000
Mot 157/39	25 m		600	15000
Ved torg, avgrensing mot sør, innkøyrslø frå vest og mot fontene	30 m		600	18000
Mot eigedomane 158/7 og 158/6 på eksist. veg mot Tistam	40 m		600	24000
Trafikkavvikling, skiltplan, skilting m.m. i samband med gravearbeidet	1 rs		5000	5000
<b>Overvatn frå veg og torgplass</b>				
Grøft alt. inkl.	40 m		400	16000
Kryssing av rør og kablar	1 rs		5000	5000
Overvassrør	40 m		200	8000
Tilknytingar til Ø400	1 rs		2000	2000
Sandfangkum	3 stk		6000	18000
Trafikkavvikling, skiltplan, skilting m.m. i samband med gravearbeidet	1 rs		5000	5000
<b>Lys på torgplass og langs eksist. veg mot Tistam</b>				
Kabelgrøft	100 m		250	25000
Lyspunkt inkl. montering	3 stk		19000	57000
<b>Asfaltering</b>				
Saging av asfalt (35m x 2 + 35m x 2 +25m x 2+ 30m + 40m) x 2 =	300 m		100	30000
Asfaltering ved kantsteinsettinga, noko ulik breidde og tjukkelse	600 m2		150	90000
<b>Grøntareal</b>				
Avtaking/bortkøyring av asfalt m.m. der grøntareal skal opparbeidast	1 rs		2000	2000
Påføring av jordmasser (ca: 45m3) og tilsåing	1 rs		10000	10000
Beplantning	1 rs		10000	10000
Oppmerking av parkeringsplassar	1 rs		2000	2000
<b>Ny skilting av området</b>				
Prosjektering og byggeleing	1 rs		30000	30000
Sum eks. m.v.a.	1 rs		50000	50000
25% m.v.a.				464000
Totalsum				116000
				580000
Stryn kommune, Seksjon kommunalteknikk	Tor Guddal			
den 01.11.2007 / 31.03.2008	prosjekting.			

Utvik

Dato: 25/10/07


Målestokk 1:1000

Stryn kommune



X 6855200

Y 369300





**STRYN KOMMUNE**  
Plan- og utviklingsavdelinga

Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

**Vår ref.**  
08/572-4/ Q13 //LBH

**Dykkar ref.**

**Dato:**  
25.04.2008

## Fylkesveg 725 Utvik - Moldreim - omlegging i Utvik sentrum.

Vi syner til tidlegare korrespondanse i denne saka, seinast dykkar brev av 18.09.07 og vårt brev av 08.11.07 (ligg ved).

Vi har stort press frå oppsitjarar i området, og må såleis starte opp arbeidet denne våren. I fyrste omgang er det aktuelt å fullføre prosjektet fram til "Trondhjemske postveg". Når finansieringa er på plass, vil samankobling med eksisterande veg bli fullført med flytting av trafikken i samsvar med stadfest reguleringsplan. Det er sterkt ønskjeleg at dette kan skjje fortløpande. Men dette er avhengig av at vi får positivt svar på vår søknad om midlar datert 08.11.07.

Statens vegvesen ved Vigdis Lobentz utarbeidde for ei tid sidan framlegg til utbyggingsavtale. Vår anleggsleiar Tor Guddal kommenterte denne, og vi legg ved kopi av desse to dokumenta. Stryn kommune er innstilt på å følgje opp dei krav som avtalen skisserer. Men vi vil gjerne ha vurdert om den kan gjerast noko mindre omfattande.

Det er ønskjeleg med ei felles synfaring i området med tanke på ein del detaljar knytt til prosjektet (gjerde, støyskjerming m.m.). Vi ønskjer raskast muleg tilbakemelding i saka, då vi har sterkt press på oss om å kome i gang.

Med helsing

Lars Birger Holmøyvik  
seksjonsleiar for plan- og utviklingsavdelinga  
57 87 47 13

4 vedlegg

Kopi: Seksjon for kommunalteknikk ved Tor Guddal, her

Postadresse/besøksadresse: Tonningsgata 4 6783 STRYN	Telefon Telefaks:	57 87 47 00 57 87 47 01	Banksamband Nordea Sparebanken SFJ Nordea (SKATT)	6557 05 02802 3795 07 00239 6345 06 14493
Org.nr: 963 989 202	e-postadresse: Heimeside:	postmottak@stryn.kommune.no http://www.stryn.kommune.no		





**STRYN KOMMUNE**  
Plan- og utviklingsavdelinga

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Regionalavdelinga  
Askedalen 2

6863 LEIKANGER

**Vår ref.**  
09/76-3/233 L //LBH

**Dykkar ref.**

**Dato:**  
18.03.2009

**Tettstadsmidler 2009 - søknad frå Stryn kommune om midlar til Utvik sentrum.**

Vi syner til e-post av 05.01.09.

I brev av 27.03.08 søkte Stryn kommune om tilskot til tettstadsprosjektet "torg" og "tun" i Utvik sentrum. Søknaden var utforma i samsvar med utfyllande retningsliner.

Ved utskrift av møtebok i Hovudutval for plan og næring (sak 08/287-16) fekk vi melding om at det omsøkte prosjektet i Utvik ikkje fekk løyving for 2008. Men av vurderinga går det fram at "Søknaden er i stor grad i samsvar med kriteria for tilskot".

Som det går fram av søknad datert 27.03.08, har Stryn kommune saman med oppsitjarane nytta store summer til ei miljø- og trafikkmessig opprusting av Utvik sentrum. Ei fullføring av prosjektet "torg" og "tun" vil vere med på å oppfylle målsettingane i stadanalyse og reguleringsplan for området, og gjere at Utvik sentrum vil framstå som eit godt døme på trafikkmessig og miljømessig opprusting i ein mindre tettstad.

På grunn av pårekna prisstigning, er kostnadene auka til kr 609000.-. Omsøkt sum vert såleis kr 304500.-

Med tilvising til søknad av 27.03.08, fremjar vi på nytt prosjektet "torg" og "tun" i Utvik sentrum med von om løyving frå tettstadsmidlane for 2009.

Med helsing

Harald Risnes  
rådmann

Lars Birger Holmøyvik  
seksjonsleiar for plan- og utviklingsavdelinga  
57 87 47 13

Postadresse/besøksadresse  
Tonningsgata 4  
6783 STRYN

Org.nr. 963 989 202

Telefon 57 87 47 00  
Telefaks: 57 87 47 01

e-postadresse: postmottak@stryn.kommune.no  
Heimeside: <http://www.stryn.kommune.no>

Banksamband  
Nordea 6557 05 02802  
Sparebanken SFJ 3795 07 00239  
Nordea (SKATT) 6345 06 14493



Stryn kommune

Tonningsgata 4  
6783 STRYN

STRYN KOMMUNE	
Saksnummer	09/105-41
Ark.kode	233 L
22 JUN 2009	
Objektkode	
Graderting	
Saksbeh.	LBH
Repet til	

## Tilsagn etter søknad på tettstadmidlar - 2009

Hovudutvalet for plan og næring gjorde i møte den 16.06 følgjande vedtak i SAK 09/105  
Tildeling av tettstadmidlar – 2009:

Avsette midlar (5,1 mill) til tettstadforming vert tildelt slik:

- 1 Stryn kommune – fullføring av miljø –og trafikkmessig opprusting av Utvik sentrum. Fullføring av torgarealet og ”tunområdet” langs den ”gamle” fylkesvegen mot Moldreim, kr. 200.000.
- 2 Hornindal kommune – vidareutvikle eksisterande stadanalyse for Grodås sentrum, kr. 80.000.
- 3 Bremanger kommune – opprusting og utvikling av Svelgen sentrum, delprosjekt mellom Svelgen Hotell og Coop, kr. 478.000.
- 4 Førde kommune – opprusting og tilrettelegging av byparken, kr. 500.000.
- 5 Luster kommune – stadanalyse Gaupne, kr. 200.000.
- 6 Sogndal kommune – opparbeiding av sentrumsparken i Sogndal, kr. 1.142.000.
- 7 Leikanger kommune – opprusting og utbetring av sentrumsnære areal i Leikanger – uteplassen mellom riksvegen, Henjaelvi, og Fleirbrukshallen så langt den strekker seg mot nord, kr. 800.000.
- 8 Balestrand kommune – opparbeiding av gangveg i – og til parken i sentrum, kr. 200.000.
- 9 Vik kommune – ”Vikøyri strandpark” – utvikle strandsona på Vikøyri, kr. 500.000.
- 10 Gulen kommune – Utvikling av Eivindvik sentrum – næringsområdet med butikk, ekspedisjonskai og hotellet – oppgradering av sjøfronten og gjere denne tilgjengeleg for ålmenta, kr 1.000.000.



# STRYN KOMMUNE

## Plan- og utviklingsavdelinga

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Samferdsleavdelinga  
Askedalen 2

6863 LEIKANGER

**Vår ref.**  
10/878-1/ Q13 //LBH

**Dykkar ref.**

**Dato:**  
24.06.2010

### **Fylkesveg 725 Utvik - Moldreim - omlegging i Utvik sentrum , finansiering.**

Vi syner til tidlegare søknad , og handsaming i Hovudutval for samferdsle av 23.05.07 (sak 32/07). M.a. på grunn av manglande kostnadstal, vart søknaden om finansiering avslegen.

Den 08.11.07 sende vi brev til Statens vegvesen med oppdaterte kostnadstal (vedlegg 1). I framlegg til handlingsprogram for fylkesvegnettet 2010 – 2013 (19), stod Rv60 + Fv 725 oppført under mindre utbetringar med kr 1 mill. i perioden 2014 – 2019. I vedteken plan er tiltaket berre med under innspel på tiltak.

Stryn kommune har fullført fylkesvegen så langt det er vist på kart av 20.04.10 (vedlegg 2). Det som står att er samankopling med eksisterande fylkesveg i vest, samt fullføring av kryss mot fylkesveg 60 med avkøyrsla mot kaia, og fullføring av "torg og tun" i samsvar med reguleringsplan (vedlegg 3). Deler av kostnadene knytt til prosjektet "torg og tun", skal dekkast av Stryn kommune. Vi har også fått kr 200000.- i fylkeskommunale tettstadsmidlar til dette. Når desse midlane er trekte ut, stå det att ein kostnad knytt til fylkesveganlegget (forskottert så langt + restarbeid) på kr 940000.- . Av dette utgjær forskottert grunnkjøp ca kr 80000.-.

Det er ikkje heldig at anlegget ligg uferdig som i dag. Som tidlegare peika på, er trafikkbildet i Utvik sentrum svært uoversiktleg. Ei fullføring i samsvar med godkjent reguleringsplan, vil medføre ei langt tryggare trafikkavvikling, på same tid som miljø og trivsel vil få eit løft.

Under arbeidet har Stryn kommune hatt nært samarbeid med vegseksjon Fjordane, og vi har nyleg hatt synfaring med tanke på detaljplanlegging av det vidare arbeidet. Vi legg ved bilde frå området, som viser at det er lagt stor vekt på kvalitet i materialbruk og utforming.

Som det går fram av vedlagt reguleringsplan, er det planlagt busslomme ved f.v. 60 sør for den nye avkøyrsla. Statens vegvesen har her løyst inn grunnen. Men lommen er ikkje bygt. For å få eit heilheitleg trafikkbilde i Utvik sentrum, burde denne lommen byggast samtidig som resten av anlegget. Vi har ikkje kalkulert dette, men er opne for samarbeid med tanke på løysing av saka.

Postadresse/besøksadresse  
Tonningsgata 4  
6783 STRYN

Telefon 57 87 47 00  
Telefaks: 57 87 47 01

e-postadresse: [postmottak@stryn.kommune.no](mailto:postmottak@stryn.kommune.no)  
Heimeside: <http://www.stryn.kommune.no>

Org.nr: 963 989 202

Banksamband  
Nordea 6557 05 02802  
Sparebanken SFJ 3795 07 00239  
Nordea (SKATT) 6345 06 14493

På bakgrunn av det som her er skrive, søker Stryn kommune primært om at det vert løyvt kr 940000.- til fullføring av det aktuelle prosjektet. Sekundert søker vi om forskottering av tilsvarande sum. Vi bed også om at fylkeskommunen vurderer å finne ei løysing for fullføring av busslommen langs fylkesveg 60.

Vi bed om tilbakemelding dersom de treng fleire opplysningar i saka.

Med helsing

Per Kristian Storevik  
rådmann

Lars Birger Holmøyvik  
plankonsulent  
57 87 47 13

3 vedlegg

Kopi: Statens vegvesen, Region vest, Askedalen 4, 6863 Leikanger



# STRYN KOMMUNE

## Seksjon for kommunalteknikk

Statens vegvesen  
Region Vest  
Askedalen 4

6863 LEIKANGER

Vår ref.  
10/878-2/ Q13 //TRG

Dykkar ref.

Dato:  
12.07.2010

## Fylkesveg 725 Utvik-Moldrheim, avslutningsarbeid i samband med omlegging gjennom Utvik sentrum

Viser til tidlegare skriv og drøftingar i saka. Seinast ved synfaring på staden den 29. april 2010 saman med Steinar Håvik frå vegseksjon Fjordane, med tanke på detaljplanlegging av det vidare arbeidet. På denne synfaringa deltok også utførande entreprenør Utvik Maskin AS v/Arne Hage.

Konklusjonen etter synfaringa var at det må utarbeidast ei **byggeplan** for dei gjenståande arbeida, som må oversendast til Statens vegvesen v/Steinar Håvik for godkjenning før arbeidet kan starte opp.

### BYGGEPLAN / ARBEIDSPROSESSAR:

#### Sikring av vegmur langs ny fylkesveg:

Det var semje om å nytte naturstein som rekkverk, stein sett "kant i kant" med høgde/breidde om lag 50-60 cm.

Utvik Maskin v/Arne Hage fekk i e-post den 9. juni beskjed om at dette arbeidet langs den nybygde fylkesvegen kunne starte (berre trafikk til bustadfeltet på denne vegen no).

#### Samankobling /tilpassing av nybygd fylkesveg mot eksist. fylkesveg (ikkje bruutviding) – arrondering/dosering av toppdekket ved bruk av asfalt.

Her er det gjort terrenginmålingar og profil er utarbeida. Vidare er det laga forslag til kurver for ny asfaltkant (er vedlegg 1 - kart i M=1:200).

Det er også utarbeida forslag til høgde for ferdig asfaltert veg (er vedlegg 2 - 7 stk. tverrprofil i M=1:50). I tillegg er det den 8. juni teke bileter frå staden (er vedlegg 3).

Som det framgår av profila nr. 2, 3, 4, 5 og 6 skal det utførast breiddeutviding av vegen mot nord inkl. sikring på toppen med naturstein som rekkverk.

Denne breiddeutvidinga/sikringa ligg innanfor Statens vegvesen sin veggrunn.

På nord/austre del av dette vegkrysset skal det monterast ein sjølvluukkande vegbom (der fylkesvegen går i dag, mellom eignedomane 158/4 og 157/25). Denne er bestilt av Euroskilt (er vedlegg 4).

Arbeidsoperasjonane må gjennomførast utan at vegen vert stengd.

Postadresse/besøksadresse  
Tonningsgata 4  
6783 STRYN

Telefon 57 87 47 00  
Telefaks: 57 87 47 01

e-postadresse: [postmottak@stryn.kommune.no](mailto:postmottak@stryn.kommune.no)  
Heimeside: <http://www.stryn.kommune.no>

Banksamband  
Nordea 6557 05 02802  
Sparebanken SFJ 3795 07 00239  
Nordea (SKATT) 6345 06 14493

Org.nr: 963 989 202

Det er naturleg med asfaltskøyt ved austre kant av brudekket.  
Tidspunkt for gjennomføringa av arbeida her må samordnast med lokal asfaltleverandør (Kolo Veidekke AS), då asfalteringsarbeidet bør skje rimeleg raskt etter at avrettingsarbeidet er gjennomført.

#### Veglys

Kabelanlegg og fundament er nedsett/montert under tidlegare anleggsarbeid ved prosjektet. Stryn kommune bestiller motering av desse 2 manglande veglysa etter at anleggsarbeidet i området er fullført.

#### Kantsteinsetting langs Fv 60 og avkøyrsla frå ny fylkesveg 725 mot Utvik brygge – på begge sider av avkøyrsla

Stryn kommune har bestilt 180m grå granittkantstein h=25cm m/2cm fas, av samme type som er lagt i området tidlegare. Dette gjeld både for kantsteinsetting langs Fv 60, på begge sider av ny avkøyrsla til Utvik brygge og til avgrensing av parkeringsplassar i prosjektet ”Tun og torg”.

#### Skilting

Stryn kommune ønskjer at Statens vegvesen organiserer skiltinga i området i samband med denne vegomlegginga.

Legg ved bileter av skiltinga på staden pr. i dag. (er vedlegg 5)

#### Trafikkavvikling

Arbeidet på den nye fylkesvegen må utførast først, for påsetjing av trafikken til denne vegen. Innan den tid må dei nye visningsskilta vere plasserte på ny stad.

Så kan arbeidet med kantsteinsettinga langs Fv 60 og den nye avkøyrsla mot Utvik brygge starte opp.

#### Arbeidsvarsling

Det er utarbeida 2 stk. arbeidsvarslingsplanar for vegarbeide.

1 stk. for arbeidet med kantsteinsettinga langs Fv 60 (vedlegg 6).

1 stk. for arbeidet på/langs den nye fylkesvegen (vedlegg 7).

På bakgrunn av opplysningane gjevne ovanfor i **BYGGEPLAN / ARBEIDSPROSESSAR**, ber vi om rask handsaming av saka hos Statens vegvesen, med ønskje om oppstart så tidleg som mogeleg i august månad.


Bygging av ny busslomme langs Fv 60 er teke opp i eige skriv til Sogn og Fjordane fylkeskommune, med kopi til Statens vegvesen.

Med helsing

Lars Birger Holmøyvik  
plankonsulent  
57 87 47 13

Tor R Guddal  
prosjekting.  
57 87 48 33

Kopi til: Utvik Maskin AS, v/Arne Hage, 6797 UTVIK  
Vedlegg: Vedlegg 1 - Kart i M=1:200  
Vedlegg 2 - 7 stk. tverrprofil i M=1:50  
Vedlegg 3 - Bileter frå samankoblinga av ny/eksist. fylkesveg  
Vedlegg 4 - Sjølvluukkande vegbom  
Vedlegg 5 - Bileter av skiltinga på staden pr. idag  
Vedlegg 6 - Arbeidsvarsling langs Fv 60  
Vedlegg 7 – Arbeidsvarsling for arbeidet langs ny/eksist. fylkesveg



vedlegg 1

$M=1:200$

B4

B7

157/3

5.8

X 6855060

9200

000018

569180

000053

000028

000019

000011

000005

000001

000025

000026

000027

000028

000029

000030

000031

000032

000033

000034

000035

000036

000037

000038

000039

000040

000041

000042

000043

000044

000045

000046

000047

000048

000049

000050

000051

000052

000053

000054

000055

000056

000057

000058

000059

000060



## Statens vegvesen

Stryn kommune  
Tonningsgata 4  
6783 STRYN

STRYN KOMMUNE	
Sak/doknr:	10/878-3
Ark.kode:	Q13
30 JUL 2010	
Objektkode:	
Gradering:	
Saksbeh.:	LBH
Kopi til:	TRG

Behandlende eining:  
Region vest  
avdeling Sogn og Fjordane

Sakshandsamar/innvalnr:  
Steinar Håvik - 57724031

Vår referanse:  
2010/134965-003

Dykkar referanse:  
10/878-2/ Q13 //TRG

Vår dato:  
27.07.2010

### Fylkesveg 725 og 60 i Stryn kommune Vedkommande avslutningsarbeid Utvik- Moldrheim, og omlegging i Utvik sentrum

Vi syner til tidlegare korrespondanse og seinast dykkar brev av 12.07.2010

Brevet er å sjå på som eit referat frå synfaring dagsett 29.04.2010. Vi har gått gjennom referatet og vedlegga med ingen merknadar. Vi kan sende dykk eit forslag til skilting av krysset etter gjeldane skiltnormal. Eksisterande skilt kan flyttast inntil forslaget ligg føre. Ny vegoppmerking av krysset og omlegginga kan leggjast til vår kontrakt for vegoppmerking i distriktet. Kontaktperson Kristen Einar Midthjell tlf. 95191906

./ Vedlagt fylgjer vedtak for godkjent arbeidsvarslingsplan for arbeidet

Plan- og forvaltningsseksjonen  
Med helsing

Vigdis Lobenz  
seksjonsleiar  
-Sign-

Steinar Håvik

Kopi VIGLOB, STEHAA, LARSKA, KRISMI

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 815 44 010  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Sanderplassen 6  
6800 FØRDE

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Båtsfjordveien 18  
9815 VADSØ  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52





Statens vegvesen

### Vedtak / Varslingsblankett

Plan nr.: 1 og 2	Sveis nr.: 2010134965	Vedtak nr.: A353-34-2010
Veg nr.: F 60, 725	fra Hp/km:	til Hp/km:
Strekning: Utvik sentrum	Sted: Utvik	
Arbeid som skal utføres: Utbetreing kryss og omlegging fv 725 til sentrum		
Arbeidet utføres i perioden		Daglig arbeids- / virketid
Fra dato: 2 august 2010	Til dato: 31 september 2010	Fra kl.: Til kl.:
Annet:		
Region: Vest		Region (2): Velg
Avdeling: Sogn og Fjordane	Avd. (2): Velg	Avd. (3): Velg
Seksjon: plan- og forvaltning	Telefon: 81544010	Faks:
Adresse:	e-post: <a href="mailto:firmajpost.vest@vegvesen.no">firmajpost.vest@vegvesen.no</a>	

Med hjemmel i skiltforskrift av 7. oktober 2005 nr 1219 §§ 26, 28, 30 og 32 og vegtrafikkloven §7 treffes vedtak om bruk av følgende trafikkregulerende skilt/lyssignaler/dirigering/oppmerking i samsvar med vedlagte skisse:

Fartsgrenseskilt (362.x).....	<input type="checkbox"/>	Andre trafikkregulerende skilt	<input type="checkbox"/>	Trafikklyssignal.....	<input type="checkbox"/>
<input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/>				Manuell dirigering.....	<input type="checkbox"/>
30 40 50 60 70 80 90				Vegstengning.....	<input checked="" type="checkbox"/>

#### Betingelser for arbeidet:

- Arbeidet skal varsles som vist på vedlagte arbeidsvarslingsplan, datert: 27.10.2010
- Bestemmelsene i skiltforskriften og håndbok 051 "Arbeidsvarsling" gjelder for arbeidet
- Ansvarlig for gjennomføring og oppfølging (kryss av):
 

Statens vegvesen.....	<input type="checkbox"/>	
Annen offentlig etat.....	<input checked="" type="checkbox"/>	Angi hvilken: Stryn kommune
Entreprenør.....	<input type="checkbox"/>	Angi hvem: _____
- Ansvarshavende for varslingen:
 

Navn: Tor R Guddal	Tlf.: 57874833
Adresse: _____	
- Loggbok skal alltid føres. **Retur: SVV avdeling Sogn og Fjordane**
- Lede-/følgebil .....
- Følgende myndigheter og andre skal varsles/informeres om arbeidet (kryss av):
 

Politi.....	<input type="checkbox"/>	Brannvesen.....	<input type="checkbox"/>	Ambulanse/lege.....	<input type="checkbox"/>
Vegtrafikkentralen.....	<input checked="" type="checkbox"/>	175			
Skole.....	<input type="checkbox"/>	Angi hvilke(n): _____			
Kollektivselskap.....	<input checked="" type="checkbox"/>	Angi hvilke(t): _____			
Radio, presse m.m.....	<input type="checkbox"/>	Angi hvem: _____			
Andre.....	<input type="checkbox"/>	Angi hvem: _____			
- Tillatelser:
 

Gravetillatelse.....	<input type="checkbox"/>	Arbeidstillatelse.....	<input type="checkbox"/>
----------------------	--------------------------	------------------------	--------------------------

NB: Se vedlagte vilkår for gravetillatelsen
- Kopi av denne blanketten og arbeidsvarslingsplanen skal oppbevares på arbeidsstedet.
- Spesielle vilkår/betingelser:

NB: Politiet og ansvarshavende skal ha kopi av blanketten.

Førde	27.07.2010
Sted	Dato

Sign. (etter fullmakt)



**Sakshandsamar:**  
Ole Ingar Hagen Hæreid  
E-post: ole.hareid@sfj.no  
Tlf: 57 65 62 51

**Vår ref.**  
Sak nr.: 10/4060-2  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**  
27118/10

**Dykkar ref.**

**Dato**  
LEIKANGER, 11.10.2010

Stryn kommune

Tonningsgata 4  
6783 STRYN

STRYN KOMMUNE	
Sak/doknr.	10/878-4
Ark.kode	Q 13
13 OKT 2010	
Objektcode	
Gradering	
Saksbeh.	LBH
Sjef. til	

## Førebels svar - Fylkesveg 725 Utvik - Moldreim - omlegging i Utvik sentrum - finansiering

Viser til dykkar søknad om ei løyving på kr 940000,- til fullføring av prosjektet med omlegging av fv 725 i Utvik sentrum. Sekundært vert det søkt om at Stryn kommune kan forskottere tilsvarende beløp.

Omlegging av fv 725 i Utvik sentrum ligg ikkje inne i vedteke handlingsprogram for fylkesvegnettet 2010 – 2013 (19). I planen for vedlikehaldstiltak er det sett opp 2,2 mill kr til fv 725 mellom Utvik og Moldereim. Omlegging i Utvik sentrum er ikkje definert som eit vedlikehaldstiltak.

Fylkesrådmannen har bedt fylkesdirektøren for samferdsle om å førebu ei prinsipiell sak om forskottering på fylkesvegnettet. Denne saka vil bli lagt fram for politisk handsaming i hovudutval for samferdsle og fylkesutvalet i oktober/november. Dykkar søknad om eventuell forskottering av omlegging av fv 725 i Utvik sentrum vert ikkje handsama før fylkesutvalet har sluthandsama prinsipiell sak om forskottering.

Med helsing

*Velaug Veum*  
Velaug Veum  
Fylkesdirektør samferdsle

*Ole Ingar Hagen Hæreid*  
Ole Ingar Hagen Hæreid  
Nestleiar SA

Vedlegg:

Mottakar (ar)

Stryn kommune Tonningsgata 4 6783 STRYN

Kopi til:





23

Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4

6863 LEIKANGER

**Vår ref.**  
10/878-5/ Q13 //TRG

**Dykkar ref.**

**Dato:**  
28.10.2010

## **Fylkesveg 725 og 60 i Stryn kommune. Skilting og vegoppmerking i samband med omlegging i Utvik sentrum**

Stryn kommune vil med dette meddele at arbeidet med omlegginga av vegkrysset i Utvik sentrum inkl. Fv 725 vestover om lag 110m til bru retning Moldrheim no er fullført. Resten av asfalteringa av denne vegen inkl. inntil ny kantsteinsetting m.m. vart gjennomført måndag 25.oktober 2010.

Viser til Dykkar brev i saka ref. 2010/134965-003 av 27.07.2010, der Statens vegvesen skulle sende over til Stryn kommune forslag til skilting av krysset etter gjeldande skiltnormal. Kan ikkje sjå at dette er motteke. Eksisterande skilt på staden er midlertidig flytta av utførande entreprenør Utvik Maskin AS v/Arne Hage.

I Dykkar brev står det også at vegoppmerking av krysset og omlegginga kan leggest til vår kontakt for vegoppmerking i distriktet, kontaktperson Kristen Einar Midthjell.

Stryn kommune vurderer det slik at både etablering av nye skilt og vegoppmerking av det nye vegkrysset er ei oppgåve som Statens vegvesen er ansvarleg for.

Med helsing

Lars Birger Holmøyvik  
Plankonsulent  
57 87 47 13

Tor R Guddal  
prosjekting.  
57 87 48 33

Vedlegg: 4 stk. 'bileter frå området teke den 12.10.2010

Kopi til: Utvik Maskin AS v/Arne Hage, 6797 UTVIK

Postadresse/besøksadresse	Telefon	57 87 47 00	Banksamband	
Tonningsgata 4	Telefaks:	57 87 47 01	Nordea	6557 05 02802
6783 STRYN			Sparebanken SFJ	3795 07 00239
	e-postadresse:	postmottak@stryn.kommune.no	Nordea (SKATT)	6345 06 14493
Org.nr: 963 989 202	Heimeside:	http://www.stryn.kommune.no		



Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Plan- og samfunnsavdelinga  
Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

**Vår ref.**  
09/76-8/233 L //LBH

**Dykkar ref.**

**Dato:**  
14.12.2010

## **Tettstadsmidler 2009 - oppmoding frå Stryn kommune om utbetaling av tildelte midlar til prosjektet tun og torg i Utvik sentrum.**

Vi syner til telefonsamtale mellom Sundby og underteikna for ei tid sidan.

Vi takkar for tildeling av kr 200000.- til det nemnde prosjektet, meldt oss i brev av 18.06.09. Vi har ikkje fått med oss at frist for oppmoding om utbetaling var sett til 18.12.09, og trudde utbetaling var knytt til ferdig prosjekt. Vi vonar dette ikkje er til hinder for utbetaling av løyvde midlar.

Prosjektet er no fullført i samsvar med dei planar og kalkyler som låg til grunn for søknaden. Vi legg ved bildemateriale som viser fullført anlegg.

På denne bakgrunn oppmodar vi om utbetaling av løyvde midlar. Vi bed om at utbetalinga vert merka "Fylkesveg Utvik – Moldrheim og omlegging i sentrum, tiltaksnummer 46092".

Med helsing

Lars Birger Holmøyvik  
plankonsulent  
57 87 47 13

Kopi: Tor Guddal, her  
Økonomiavdelinga, her (inntektsføring: konto 38310, ansvar 4400, teneste 33310,  
prosjekt 46092)



**STRYN KOMMUNE**  
Seksjon Plan og utvikling

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Plan- og samfunnsavdelinga  
Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

**Vår ref.**  
09/76-9/233 L //LBH

**Dykkar ref.**

**Dato:**  
12.01.2011

## **Tettstadsmidler 2009 - sluttrapport, finansieringsplan og rekneskap for prosjektet tun og torg i Utvik.**

Viser til tidlegare brev av 15.12.10, og til telefonsamtale Steinsland/Holmøyvik for ei tid sidan.

### **Sluttrapport:**

Hovuddelen av arbeidet vart utført haust/vinter 2010. Utførande entreprenør var Utvik Maskin, og kommunal anleggsleiar Tor Guddal. Arbeidet er utført fullt ut i samsvar med dei planer og kalkyler som følgde søknaden om tettstadsmidler. På grunn av at arbeidet har tilknytning til fylkesveg 60 og fylkesveg 725, har arbeidet vore utført i nært samarbeid med Statens vegvesen. Vegvesenet sin kontaktperson har vore Steinar Håvik, og sluttmelding er sendt. Vi legg ved kopi av byggeplan/arbeidsprosessar av 12.07.10.

### **Finansieringsplan:**


Som det går fram av søknad datert 18.03.09, er kostnader ut over fylkeskommunalt tilskot, dekt av Stryn kommune sitt budsjett over prosjekt 46092 "fylkesveg Utvik- Mordreim og omlegging i Utvik sentrum", med eige delprosjekt "tun og torg".

### **Rekneskap:**

Revidert rekneskap for delprosjektet ligg ved. Også vedlagt stadfesting i høve til pkt. 11 i vilkår for utbetaling.

Vi vonar desse opplysningane er grunnlag for utbetaling av tilskotet.

Med helsing

  
Lars Birger Holmøyvik  
plankonsulent  
57 87 47 13

Kopi: Seksjon for kommunalteknikk ved Tor Guddal, her



Postadresse/besøksadresse:	Telefon	57 87 47 00	Banksamband	
Tønningsgata 4	Telefaks:	57 87 47 01	Nordea	6557 05 02802
6783 STRYN			Sparebanken SFJ	3795 07 00239
	e-postadresse:	postmottak@stryn.kommune.no	Nordea (SKATT)	6345 06 14493
Org.nr. 963 989 202	Heimeside:	http://www.stryn.kommune.no		

# Torg og tun - Opprustning Utvik sentrum 2010

## Rekneskapsoppsett

Kostnadene er ført på tiltaket "Ny fylkesveg m.m. Utvik sentrum" med prosjektnummer 46092

Firma - Tekst	Sum inkl. m.v.a.
Fjordingen - annonse om arbeidsstart	1160 ①
Kjøp av kantstein Jogra Steinindustri as	42507 ②
Frakt av kantstein Jogra Steinindustri as	13750 ③
Kjøp av vegbom - Euroskilt	40730 ④
Utvik Maskin AS - avg.fritt (arbeid)	158895 ⑤
Utvik Maskin AS - avg.pliktig (materialer)	93147 ⑥
Utvik Maskin AS - riggekostnad - avg.fritt (1/2-del av oppfyllingskostnad ny busslomme)	11738 ⑦
Utvik Maskin AS - riggekostnad - avg.pl. (1/2-del av oppfyllingskostnad ny busslomme)	10697 ⑧
Kolo Veidekke AS - asfaltering avg.pliktig	50698 ⑨
Kolo Veidekke AS - asfaltering avg.fritt	73506 ⑩
Stryn Energi as, kjøp/montering av 2 stk. nye veglys (kabelgrøft og kabel ikkje med)	24085 ⑪
Prosjektering og byggleiing, Tor Guddal 2010	13500 ⑫
<b>TOTALSUM</b>	<b>534413</b>
Tilsåing og beplantning gjenstår, vil verte utført våren 2011.	
Pårekna kostnad	40000
Stryn kommune	Lars Birger Holmøyvik
den 17.01.2011	plankonsulent

  
 Stryn, den 17.01. - 11  
 Kommunerevisjonen  
 i Nordfjord  




## Sakshandsamar:

Ole Ingar Hagen Hæreid

E-post: ole.hareid@sfj.no

Tlf: 57 65 62 51

## Vår ref.

Sak nr.: 10/4060-3

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

## Internt l.nr.

641/11

## Dykkar ref.

## Dato

LEIKANGER, 24.01.2011

Stryn kommune

Tonningsgata 4  
6783 STRYN

STRYN KOMMUNE	
Sak nr.	10/878-7
Arkivnr.	Q13
20 JAN 2011	
Utvalgt	
Utsatt	
Saksb.	LBH
Kopier	

## Fylkesveg 725 Utvik - Moldreim - omlegging i Utvik sentrum - finansiering

Viser til Dykkar soknad av 24.6.2010 og vårt forebelse svar på soknaden den 11.10.2010.

I møte den 14.12.10, sak 59/10, vedtok Fylkestinget følgjande retningslinjer for forskottering på fylkesveg:

- 1 Følgjande retningslinjer skal leggjast til grunn for forskottering på fylkesveg:
  - a) Det kan gjevast loyve til forskottering av investeringsprosjekt under foresetnader av at:
    - prosjektet er prioritert i handlingsprogram for fylkesvegnettet /
    - det ligg føre godkjent reguleringsplan for prosjektet
  - b) Det kan gjevast loyve til forskottering av planleggingsmidlar under foresetnad av at prosjektet er prioritert i planleggingsprogrammet.
  - c) Forskotterer skal vere ansvarlig for å forskottere midlar utan opphald etter rekvisisjon frå fylkeskommunen slik at foresett framdrift i prosjektet kan haldast.
  - d) Forskotteringa skal omfatte heile prosjektkostnaden inkludert :
    - plan og prosjekteringskostnader
    - prisstigning
    - eventuell anna kostnadsauke i byggeperioden på inntil 10 pst. av samla Prosjektkostnad
  - e) Forskotteringssummen skal refunderast utan kompensasjon for prisstigning og renter på eventuelle lån
  - f) Refusjon av forskottet skal skje når prosjektet kjem i løyvingssposisjon i det vedtekne handlingsprogrammet. Ved ein ev. større reduksjon i det samla framtidige handlingsrommet for fylkesveginvesteringar kan refusjonstidspunktet skyvast ut i tid i inntil 2 år.
  - g) Det skal til ein kvar tid vurderast om omfanget av forskotteringar er rimeleg i høve til dei samla rammene til fylkesveginvesteringar og i høve til at omfanget ikkje skal legge urimeleg press på kapasiteten til planlegging og på anleggsbransjen.



2 Det ligg til fylkestinget å inngå forskotteringsavtalar.


Dei nyleg vedtekne retningslinene stiller krav om at tiltaket det vert søkt om forskottering på, er prioritert i handlingsprogrammet for fylkesvegnettet . Omlegging av fylkesveg 725 i Utvik sentrum er ikkje prioritert i handlingsprogrammet som vart vedteke i desember 2009.


### **Konklusjon**

Dykkar søknad om forskottering er ikkje i tråd med vedtekne retningslinjer og vert avslegen.

Det omsøkte tiltaket er kostnadsrekna til om lag 1 mill kr. Rammene i handlingsprogrammet og vedteke investeringsbudsjett gjev ikkje rom for å gjennomføre dette tiltaket i inneverande planperiode. Fylkesdirektøren for samferdsle vil oppmode Stryn kommune om å melde tiltaket inn som eit av sine prioriterte tiltak ved rullering av handlingsprogrammet. Handlingsprogrammet skal rullerast i 2013.

Med helsing

  
Velaug Veum  
fylkesdirektor samferdsle

  
Ole Ingar Hagen Hæreid  
nestleiar samferdsle

Vedlegg:

Mottakar (ar)

Stryn kommune Tonningsgata 4 6783 STRYN

Kopi til: